

## ÅRSMELDING 2023

### Årsmøtet vart halde 26.januar 2023 i Borgja, Ålhus

Styret:

Leiar: Ragnhild Sæle\*  
Nestleiar: Ole Kristian Kjøsnes  
Sekretær: Inge Erikstad  
Kasserar: Jonny Lofnes\*  
Styremedlem: Jan Roger Myklebust\*

Vara:

1. Sissel Gjesdal Sægrov\*
2. Rune Årdal\*
3. Silja Juklestad\*

Grendakontakter:

Stardalen	Jakob Andre Sandal*
Klakegg/Førs	Svein Klakegg*
Viken/Kjøsnesfjorden	Ole Kristian Kjøsnes*
Sunde/Dvergsdal/Myklebust	Ole Johan Hegrenes*
Årdal/Huus/Helgheim	Inge Erikstad*
Ålhus/Svidal	Jonny Hundvebakke*
Gjesdal/Sandal	Jostein Gjesdal*
Eikås/Kvammen/Vassenden	Jan Arne Flugekvam*

Revisorar: Inge Årdal\*  
Audun Nedrebø\*

\*På val 2024

Valnemnd: Marit Flatjord  
Henriette Sunde  
Ole Johan Hegrenes

Det har i meldingsåret vore halde 3 styremøter og handsama 8 bokførde saker.

### Saker ein har jobba med

- Henteplassane for ull har vore dei same som i 2022. Ullhenting vart gjort kjent via e-post og heimesida.



- Ullsekkar har ein, som tidlegare, formidla via Jølster Landbrukstenester. Pallen med sekkar er, som tidlegare, plassert hos Johannes Nedrebø, og henta sekkar vert fakturert ved året slutt frå Jølster Landbrukstenester.  
Dei som hentar sekkar må hugse å sende sms om kor mange sekkar som er henta. I tillegg har tanken vore at ein og skal skrive namn, dato og tal i ei bok. Det siste har ikkje fungert, då boka ikkje alltid har «følgd» pallen. Om alle som har henta sekkar, har hugsa og sende melding, veit vi ikkje før pallen er tom. Skulle det vere nokon som har henta sekkar i 2023, og som ikkje har fått faktura, så må dei gje beskjed. Når pallen er tom, vil ufakturerte sekkar verte belasta Jølster Sau og Geit.
- Kåring av vêrlam skulle vore arrangert ved Eikaasgalleriet på Ålhus 30.09.23. Grunna svært dårleg vær (mykje regn og vind), så vart det bestemt kvelden før, at kåringa måtte gjennomført som gardskåring, då vi ikkje har eigna plass for gjennomføring, som er under tak. Kåringa vart gjennomført på 6 ulike plassar. Dei som tilhørde same verering, samla kåringskandidatane i same fjøs. Sekretær for kåringa (den som registrerte resultatane) vart plassert hos leiar. Der fekk og dommarane med fleire servert mat. Sjølve kåringa gjekk greitt, men det var litt problem med kommunikasjon av kåringsresultat til sekretær. Tok litt lang tid, i tillegg til at det var svært vanskeleg å få kontakt med kåringsplassane, dersom sekretær hadde spørsmål vedrørende utfylte skjema. Det vart ein svært lang dag for sekretær. Vi tek sjølvkritikk for at det ikkje vart sendt ut informasjon til medlemmane om at kåringa vart gjennomført som gardskåring. Det var dei som etterlyste, kor kåringa vart av.

Det var 12 utstillarar, som stilte 68 lam til kåring, 4 kåra på disp., 57 av desse vart kåra, 7 vart vraka. Årsaka til vraking: 2 testiklar, 1 med farga hår, 1 med glissen ull, 2 O-indeks og 1 sumpoeng.





Lam med flest poeng, alle rasar: 202355915, eigar Jon Sandal

Brukseigenskapar: 9

Beinstilling: 9

Ullkvalitet: 9

O-indeks: 143

Sum poeng: 170

- Frå og med 2023 er det slutt på kåring av bukkekje.
- Medlemstalet går dessverre nedover, og vi har 50 medlemmar pr. 31.12.23, noko som gjer til at vi har mista ein utsending til fylkesårsmøte. Med 51 medlemmar eller fleire, så hadde vi hatt ein utsending til.

### **Kurs, møter m.m.**

- Årsmøte SFSG på Thon Hotel Jølster 24.februar.
- Haustsamling på Thon Hotel Jølster 3. og 4. november:

Med unntak av nemnde møter, så har det ikkje vore aktivitet/deltaking i regi av Jølster Sau og Geit.



**Felling av rev:** Det er registrert 46 felte revar. Den med flest felte revar i 2023 var André Kjøsnes. Stor takk til alle dei som gjer ein innsats for å få redusert revebestanden.

STYRET